

Korleis opprette eit nytt beitelag i Vestland?

Eit beitelag er i denne samanheng avgrensa til å gjelde samanslutningar som er registrerte som samvirkeføretak eller foreining, og har som hovudføremål å samarbeide om føremålstenlege fellesløysingar innan beitebruk og god utnytting av utmarksbeite.

Beitelag kan organiserast som samvirkeforetak (SA) eller foreining. Oppskrifta her gjeld for SA:

- Lage vedtekter. [Norsk Sau og Geit har døme på standardvedtekter](#) som kan vere til hjelp når laget skal lage vedtekter som høver for dei.
- Gjennomføre stiftelsesmøte, der stiftelsesdokument/-protokoll vert ført og signert. Mal for dette ligg nedst i dette dokumentet. [Døme på stiftelsesdokument finn du hos Brønnøysundregistra](#).
- Registrere laget med vedtekter i Brønnøysundregistra innan tre månader etter stiftelsen. Det enklaste er å registrere laget via Altinn.
- Når laget er registrert i Brønnøysundregisteret sender de stiftelsesdokument, vedtekter og kartskisse over beiteområdet til oss. Det må vere gjort innan 1. oktober for å kunne søkje driftstilskot (Tilskot til drift av beitelag) den 15. november.

Krav for å søkje om driftstilskot

Det er ikkje krav om at beiteområdet for medlemmane må vere samanhengande, men det må ligge til rette for rasjonelt samarbeid i laget.

For at laget skal kunne søkje driftstilskot må dei ha minimum 2 aktive medlemmar, som slepp småfe og/eller storfe i utmark i minimum 5 veker. Laget skal ha organisert tilsyn og sanking tilpassa lokale høve, der minimumskravet vi har sett er felles dato for ettersanking i beitelaget/kommunen.